



DET KONGELEGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Statsråden

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

17/1212-90

28. november 2017

Vedtak om grensejustering mellom kommunane Vågsøy og Eid/Selje

Eg viser til brev 17. november frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane med fylkesmannens utgreiing og tilråding i saka om grensejustering mellom kommunane Vågsøy og Eid/Selje, for området Bryggja (kretsane Totland, Bryggja og Maurstad).

Bakgrunn

Departementet gav 14. juni 2017 fylkesmannen i oppdrag å utgreie grensejustering mellom kommunane Vågsøy og Eid/Selje, for området Bryggja. Oppdraget blei gjeve etter initiativ frå Bryggja utviklingslag, som fremja søknaden til fylkesmannen 6. februar 2017. Søknaden var støtta av om lag 240 underskrifter.

Det er 541 innbyggjarar i det aktuelle området, noko som utgjer 9 prosent av innbyggartalet i dagens Vågsøy. Området har eit fastlandsareal på 57 km², og dette utgjer 32 prosent av fastlandsarealet (inklusive øyar) i dagens Vågsøy. Området har omsorgssenter, skule og privat barnehage. Frå Bryggja er det 21 min. reisetid til Måløy, mot 31 og 33 min. reisetid til Selje og Eid.

8. juni 2017 vedtok Stortinget samanslåing av kommunane Flora/Vågsøy og av kommunane Eid/Selje. Kommunane blir slått saman frå 1. januar 2020. Verken Flora/Vågsøy eller Eid/Selje grensar mot kvarandre i dag. Bryggja i dagens Vågsøy ligg mellom kommunane Eid og Selje.

I ei spørjeundersøking blant innbyggjarane i Bryggja i august 2017, svarte eit klart fleirtal av dei spurde at dei ønsker å tilhøyre den nye kommunen Eid/Selje (79 prosent).

Spørjeundersøkinga viste samstundes at eit klart fleirtal var negative til å bli ein del av den nye kommunen Flora/Vågsøy (84 prosent).

Fråsegn frå kommunane

Kommunestyret i Vågsøy fatta 19. oktober følgjande vedtak:

Vågsøy kommunestyre kan ikkje med omsyn til Kommunaldepartementet sitt rundskriv H-8/14, sjå at (sic) er grunnlag for å imøtekomme søknaden om grensejustering frå kretsane Totland, Bryggja og Maurstad.

Initiativet har sitt utspring i ein protest mot Vågsøy kommunestyre sitt vedtak om å utgreie nye skulekretsar basert på trongen for å ha ein økonomi i balanse og få til ei naudsynt omstilling av pengebruken i høve demografiske endringar med nedgang i elevtal og ein sterk auke i talet på eldre.

Som undersøkinga frå Telemarksforskning viser, får innbyggjarane dekkja sine behov i Vågsøy kommune. Tenestetilbodet i Vågsøy/Kinn kommune vil for alle område vere nærare i avstand også i framtid enn det vil vere i Stad kommune.

Vågsøy kommune har plassert ein høvesvis stor del av sine omsorgsbustader i kretsen og vil bli påført ein betydeleg kostnad om ein må erstatte desse med nye, samstundes som ein og vil ha risiko for å miste kvalifiserte medarbeidarar som det er stor trong for i kommunen.

Argumentet med at Stad kommune på denne måten, vil vere geografisk samanhengande halter også ettersom ein må krysse fylkesgrensa til Møre og Romsdal 2 gonger på strekinga mellom kommunesentra Eid og Selje. Felles grense vil gå i umatrikulert utmark.

Kommunestyret i Flora fatta 3. oktober følgjande vedtak:

Bystyret i Flora kommune sluttar seg til Rådmannen i Vågsøy kommune sitt framlegg til uttale i saka og vil med det gje eit tydelig signal om at dei tre aktuelle kretsane fortsatt må vere ein del av Vågsøy kommune og framtidige Kinn kommune.

Kommunestyra i Selje og Eid fatta 14. september og 5. oktober følgjande like vedtak:
Kommunestyret tilrår at det vert gjennomført grensejustering slik at krinsane Totland, Bryggja og Maurstad ver del av Stad kommune frå 01.01.20.

Sogn og Fjordane fylkeskommune ved fylkesutvalet skriv i sin uttale 27. september at dei har vurdert grensejusteringa opp mot dei fylkeskommunale tenestene, og at dei på det grunnlaget ikkje har innvendingar mot justeringa.

Fylkesmannens vurdering

Fylkesmannen tar i utgreiinga 17. november stilling til Vågsøys syn om at ikkje initiativet burde vore utgreia. Fylkesmannen konkluderer med at søknaden inneheld fleire saklege og vesentlege argument for at justeringa burde utgreiast, og legg til grunn at det formelle grunnlaget for prosessen er i orden.

Fylkesmannen tilrår at justeringa blir gjennomført, slik at Bryggja blir ein del av den nye kommunen av Eid og Selje. Fylkesmannen legg avgjerande vekt på at grensejusteringa:

- vil lage ein funksjonell og samanhengande kommune av Eid/Selje
- er i tråd med den klare folkeviljen til innbyggjarane i Bryggja.

Fylkesmannen vurderer at dei økonomiske ulempene for Vågsøy som følgje av grensejusteringa er " klart innanfor det som er forventa løyst gjennom oppgjeret som skal skje mellom kommunane, og framtidig utjamning av inntekter og utgifter".

Fylkesmannen har lagt fram forslaget til ny kommunegrense for Kartverket. Kartverket tilrår mindre justeringar i grenseforslaget frå innbyggjarinitiativet, slik at grensa følgjer eksisterande eigedomsgrenser og ikkje splittar gardsnummer. Kartverkets forslag til ny grense får ikkje konsekvensar for innbyggjarar/fastbuande i Bryggja, sammenlikna med forslag til ny grense frå innbyggerinitiativet. Fylkesmannen tilrår difor at Kartverkets forslag til framtidig kommunegrense blir lagt til grunn.

Departementets vurdering

Kommunal- og moderniseringsdepartementet viser til lov om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova), med tilhøyrande rundskriv. Det formelle grunnlaget for utgreiinga til fylkesmannen er i tråd med reglane og retningslinjene som går fram av desse.

Departementet meiner fylkesmannen har levert ei grundig og god utgreiing.

Resultatet frå spørjeundersøkinga viser at eit klart fleirtal av dei spurde innbyggjarane ønsker å tilhøyre den nye kommunen av Eid og Selje. Det står også et stort tal innbyggjarar bak søknaden om grensejustering.

Ei grensejustering av det aktuelle området vil gjere at den nye kommunen av Eid og Selje geografisk heng saman. Departementet ser dette som eit viktig steg i arbeidet med å lage ein funksjonell kommune av Eid og Selje.

Departementet legg, som fylkesmannen, avgjerande vekt på desse forholda.

Etter departementets vurdering er ikkje dei økonomiske ulempene eller tenesteutfordringane for den framtidige kommunen av Flora og Vågsøy så store at dei må leggest sterkare vekt på enn omsyna som talar for at grensejusteringa skal gjennomførast. Kommunal- og moderniseringsdepartementet støttar derfor fylkesmannen si tilråding.

Vedtak

Med bakgrunn i tilrådinga til fylkesmannen og med heimel i § 6 i lov om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova), vedtek Kommunal- og moderniseringsdepartementet at kommunegrensa mellom Vågsøy og den nye kommunen av Eid og Selje blir justert slik at området Bryggja (kretsane Totland, Bryggja og Maurstad) i

dagens Vågsøy blir ein del av den nye kommunen av Eid og Selje frå 1. januar 2020. Den nye grensa blir fastsett i tråd med Kartverkets forslag til ny grense.

Det er ikkje klagerett på endeleg vedtak om grensejustering.

Konsekvensar av vedtak

Reglane om økonomisk oppgjer mellom kommunane er å finne i inndelingslova § 19, jf. rundskriv H-10/15.

Dette vedtaket går i kopi til Sogn og Fjordane fylkeskommune, Skattedirektoratet, Statens kartverk og Statistisk sentralbyrå for nødvendig oppfølging.

Med helsing

A handwritten signature in blue ink, appearing to read 'Jan Tore Sanner', written in a cursive style.

Jan Tore Sanner

Kopi

Kartverket
Skattedirektoratet
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Statistisk sentralbyrå

Adresseliste

Eid kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Flora kommune	Markegata 51	6900	FLORØ
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Selje kommune		6740	SELJE
Vågsøy kommune	Postboks 294	6701	MÅLØY